

Djuvik
angriper
Torsvik
Myrvollen

Side 4-5



– Peter og Stefan blir
betre om dei blir her

Side 12-13



SMS
manglar
19
P-plassar

Side 11

kystavisa

TORS DAG

15. august 2013

Nr. 94 • Veke 33 • 65. årgang • Laussal kr 25,-

Firdaposten

Nei til moské-tomt frå politikarane

■ Og det svaret skuffar Imamen i Flora



– Ingrid Heggø
er kystfiendtleg

Ap's utspel i media i går om
samferdsleprioriteringar
meiner Jan Henrik Nygård
(V) viser at Heggø ikkje
prioriterer kysten.

Side 4

«Å angripe dei
ein seinare
ønsker å styre
landet saman
med, kan svek-
kje eit regje-
ringsalterna-
tiv.» ■ Leiaren side 6



I laurdagens utgåve av Firdaposten kom Imam Fayez Alhaddad (t.h) med ein bøn til kommunen om hjelp til tomt for bygging av moské. Floraordførar Bengt Solheim-Olsen (H) og Gustav Nydal (KrF) seier no at det er lite sannsynleg at kommunen vil gje muslimane den hjelpa dei treng.

Side 7

Sommartider
HEY HEY!

Stor pizza
KUN kr 120,-

Prisen gjelder ved bowling.
God pris på take-away: kr 179,-

Tirsdag-torsdag:

Kl. 15.00-23.00

Fredag:

Kl. 15.00-01.00

Lørdag:

Kl. 12.00-01.00

Søndag:

Kl. 12.00-23.00

www.skob.no



SPAR



EUROSPAR



Finne din nærmeste butikk på www.spar.no

Kaffe

filtermalt/kokmalt, 250 g, Ali 40,00/kg

10⁰⁰

Begrensninger på tilbudet kan forekomme.



10
KRONERS
markert

Kystens fiskegrateng

450 g, Findus 22,22/kg

10⁰⁰

10
KRONERS
markert



Egg

fra frittgående høns, 6 pk, Prior 26,46/kg

10⁰⁰

10
KRONERS
markert



Alltid tilbud på noe godt!

7 029430 403628

Begrensninger på tilbudene kan forekomme. Vi tar forbehold om trykkfeil og utsolgte varer. Salg kun til private husholdninger.



MOSKÉ TIL BYEN?: Ordførar i Flora, Bengt Solheim-Olsen, utleukker ikkje at muslimane kan få oppnådd ønskje sitt om eige gudshus i Flora.

Foto: Dag Nesbø Frøyen



FRUSTRERT: Faye Alhaddad ønskjer meir av Flora kommune.

– Ikkje godt nok av Flora

FLORØ: Imam Faye Alhaddad seier at muslimane i Flora ikkje vil klare å skaffe seg ei tomt på eigenhand.

HENRIK AGLEDAL
henrik.agledal@firdaposten.no

– Vi har 300 000 kroner, og vi vil klare å skaffe nok til å bygge ein moské. Men vi har rett og slett ikkje moglegheit til å skaffe nok pengar til å kjøpe tomta i tillegg, fortel ein frustrert Imam.

Faye Alhaddad fortalde i laurdagens utgåve av Firdaposten om det store behovet for ein moské i Florø. Han kom den gong med ein bøn til kommunen om hjelp til ei tomt. Politikarane sitt svar skuffar imamen.

– Mange andre muslimar i Noreg har alt fått hjelp frå kommunen til å bygge moské. Kvifor kan ikkje politikarane her i kommunen hjelpe oss?

Imamen fortel at dei har prøvd å få på plass ein moské i lang tid.

– Det er over to år sidan vi først tok kontakt med kommunen. Men vi får ikkje eit skikkeleg svar. No vil eg sitje meg ned med dei som skal bestemme, og høyre kvifor dei ikkje kan hjelpe oss, avsluttar ein tydeleg irritert Faye Alhaddad.

Muslimane kan få bygge moské i Florø

■ Men tomta må dei skaffe sjølve

FLORØ: Politikarane i Flora kommune opnar for bygging av moské i byen. Men tomt til bygging av moskeen vil dei neppe bidra med.

DAG NESBØ FRØYEN
dag@firdaposten.no
HENRIK AGLEDAL
henrik.agledal@firdaposten.no

Floraordførar Bengt Solheim-Olsen ønskjer ikkje å ta stilling til eit ja eller eit nei til moské i Flora kommune per i dag.

– At Flora kommune skal legge til rette og sørge for ei gratis tomt for ei eventuell etablering av ein moské ser eg på som uak-

tult, poengterer Solheim-Olsen.

Skal vurdere evt. søknad

Floraordføraren er ikkje kategorisk avvisande til at truande muslimar skal få sitt eige gudshus i Flora.

– Det eg ønskjer å poengtere er at eg ikkje ser det som naturleg at kommunen skal skaffe til vege ei gratis tomt, men den dagen eit muslimsk miljø har tomt og søker om å få sette opp ein moské skal vi ta stilling til den søknaden og handsame den til liks med andre byggesaker, kjem det frå Solheim-Olsen.

Ap-politikar og tidlegare ordførar i Flora, Bente Frøyen Steindal, ønskjer førebels å seie minst mogleg om moské-saka.

– Vi har framleis ikkje hatt

partimøte etter ferien, så vi har ikkje diskutert saka i Arbeiderpartiet. Personleg er eg ikkje imot moské i Flora, men per dags dato ønskjer eg ikkje å seie meir enn det. Vi må først diskutere saka i partiet, fortel Steindal.

Gustav Nydal sit i bystyret i Flora for KrF. Han fortel at han i utgangspunktet ikkje ønskjer seg ein moské i Florø.

– Eg kjem aldri til å oppfordre til bygging av moské i Florø. Men eg skal heller ikkje stå i vegen om muslimane føler at dei må ha ein stad her i byen, seier Nydal.

Til trass for at Nydal ikkje skal arbeide for å hindre bygging av moské, så skulle han ønskje at det ikkje var nødvendig med eit slikt bygging i byen.

– Vi bur i eit fritt land, og folk skal få lov til å tru det dei vil. Men eg skulle sjølvsagt ønskje at dei ikkje var behov for eit muslimsk bønnehus i byen, seier han.

Vil ikkje bruke kommunale ressursar

Nydal tykkjer at muslimane sjølv må skaffe seg den tomta dei treng.

– Eg meiner at kommunen ikkje kan bruke ressursar på å skaffe ei tomt til muslimane. Det må dei ordne sjølve, så kan kommunen heller vurdere saka når dei faktisk har ei tomt. Muslimane må sjølv finne ut kor dei vil vere, fortel Nydal.

Kristeleg folkeparti har førebels ikkje diskutert saka internt.

SALG INNSPURT

Alle sommervarer

100,-

200,-

300,-

400,-

500,-

Først til mølla....

SISSELS MOTE
DET LILLE MOTEHUS

Strandgt. 31, Florø • tlf. 57 74 19 00